

Framlegg frå hovudstyret

Hovudstyret ynskjer i gjere endringar i laget si lov når det gjeld vararepresentatar:

Tre av gruppene har no plass i hovudstyret, men ved forfall vert dei erstatta av ein av dei to varamedlemmar til hovudstyret.

Hovudstyret er av den oppfatning at gruppeleiarane er i ei særstilling som representantar for ei gruppe. Av omsyn til god kommunikasjon og informasjonsflyt, er det sterkt ynskjeleg at dei har ein representant frå sitt gruppestyre som vara. Styret meiner det korrekt å la vara-funksjonen vere knytt til ein funksjon også i gruppestyret og då er nestleiar-funksjonen nærliggande. Dette er den personen som er stedfortredar for leiar.

Styret ynskjer at gruppeleiarane skal vere representerte og det vert dei beste gjennom at leiar er medlem i hovudstyret og nestleiar og vararepresentant.

Ved å knyte det til to funksjonar, er det også heilt klart tidleg i prosessen kven som vert valde, jamvel om det er årsmøtet i hovudlaget som treff det endelege valet.

Lovendringa skjer ved at ein legg inn fylgjande setning i § 16-14 punkt a i Lov for Hareid idrettslag

«Gruppeleiarar som har fast plass i hovudstyret, skal ha nestleiar i gruppestyret som vararepresentant»

Hareid 29. februar 2024

For hovudstyret

Olav Sindre Rise

Leiar